



ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2021 - GENERELL INFORMASJON

Enheten

Organisasjonsnummer: 955 996 836
Organisasjonsform: Aksjeselskap
Foretaksnavn: VEST-TELEMARK KRAFTLAG AS
Forretningsadresse: Høydalmovegen 815
3891 HØYDALSMO

Regnskapsår

Årsregnskapets periode: 01.01.2021 - 31.12.2021

Konsern

Morselskap i konsern: Ja
Konsernregnskap lagt ved: Nei

Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet: Nei
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet: Regnskapslovens alminnelige regler

Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet: Stine Hille
Dato for fastsettelse av årsregnskapet: 03.06.2022

Grunnlag for avgivelse

År 2021: Årsregnskapet er elektronisk innlevert
År 2020: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2021

Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.

Brønnøysundregistrene, 30.06.2023



Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2021	2020
RESULTATREKNESKAP			
Inntekter			
Salsinntekter	1,2	254 850 000	172 277 000
Anna driftsinntekt	3	19 265 000	18 567 000
Sum inntekter		274 115 000	190 844 000
Kostnader			
Varekostnad	4	73 656 000	41 310 000
Lønnskostnad	5	7 995 000	43 158 000
Avskrivning på varige driftsmiddel og immaterielle egedelar	11	13 789 000	27 243 000
Annan driftskostnad	6,7	24 705 000	50 908 000
Sum kostnader		120 145 000	162 619 000
Driftsresultat		153 970 000	28 225 000
Finansinntekter og finanskostnader			
Anna renteinntekt	8	193 000	268 000
Anna finansinntekt	8	152 000	950 000
Sum finansinntekter		345 000	1 218 000
Annan rentekostnad	8	2 205 000	7 285 000
Annan finanskostnad	8	4 000	221 000
Sum finanskostnader		2 209 000	7 506 000
Netto finans		-1 864 000	-6 288 000
Ordinært resultat før skattekostnad		152 106 000	21 937 000
Skattekostnad på ordinært resultat	9	78 888 000	5 600 000
Ordinært resultat etter skattekostnad		73 218 000	16 337 000
Årsresultat		73 218 000	16 337 000
Overføringer og disponeringar			
Ordinært utbytte			17 500 000
Tilleggsutbytte			17 638 000
Konsernbidrag		24 804 000	



Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2021	2020
Overføring til/frå annan egenkapital		48 414 000	-18 801 000
Sum overføringar og disponeringar		73 218 000	16 337 000



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2021	2020
BALANSE - EIGEDELAR			
Anleggsmiddel			
Immaterielle egedelar			
Konsesjonar, patentar, lisensar, varemerke og liknande rettar	10	3 350 000	3 350 000
Sum immaterielle egedelar		3 350 000	3 350 000
Varige driftsmiddel			
Tomter, bygningar og annan fast eigedom	11	127 258 000	739 940 000
Maskinar og anlegg	11	136 641 000	
Driftslausøyre, inventar, verktøy, kontormaskinar og liknande	11	503 000	
Sum varige driftsmiddel		264 402 000	739 940 000
Finansielle anleggsmiddel			
Investeringar i dotterselskap		179 000	179 000
Investeringar i tilknytt selskap		636 000	636 000
Lån til tilknytt selskap og felles kontrollert verksemd		2 313 000	2 351 000
Investeringar i aksjar og partar		29 000	29 000
Sum finansielle anleggsmiddel		3 157 000	3 195 000
Sum anleggsmiddel		270 909 000	746 485 000
Omløpsmiddel			
Varer			
Varer		274 000	9 227 000
Sum varer		274 000	9 227 000
Krav			
Kundekrav	21	54 309 000	87 129 000
Andre krav		122 012 000	10 726 000
Sum krav		176 321 000	97 855 000
Bankinnskot, kontantar og liknande			
Bankinnskot, kontantar og liknande		1 022 000	1 851 000
Sum bankinnskot, kontantar og liknande		1 022 000	1 851 000
Sum omløpsmiddel		177 617 000	108 933 000



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2021	2020
SUM EIGEDLAR		448 526 000	855 418 000
BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD			
Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital			
Selskapskapital		100 940 000	140 000 000
Sum innskoten eigenkapital		100 940 000	140 000 000
Opptent eigenkapital			
Annan eigenkapital	17	23 311 000	241 113 000
Sum opptent eigenkapital		23 311 000	241 113 000
Sum eigenkapital		124 251 000	381 113 000
Gjeld			
Langsiktig gjeld			
Utsett skatt		2 611 000	14 287 000
Sum avsetjingar for plikter		2 611 000	14 287 000
Anna langsiktig gjeld			
Obligasjonslån		0	901 000
Gjeld til kredittinstitusjonar		0	216 805 000
Langsiktig konserngjeld		150 000 000	150 000 000
Sum anna langsiktig gjeld		150 000 000	367 706 000
Sum langsiktig gjeld		152 611 000	381 993 000
Kortsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjonar	19	1 821 000	0
Leverandørgjeld	21	35 398 000	13 857 000
Betalbar skatt	19	68 749 000	3 513 000
Skuldige offentlege avgifter	19	19 819 000	19 695 000
Utbytte	19	0	17 500 000
Kortsiktig konserngjeld	19	32 261 000	0
Anna kortsiktig gjeld	19	4 970 000	29 928 000
Kortsiktig gjeld andelsverk	19	8 646 000	59 000



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2021	2020
Meirinntekt	19	0	7 760 000
Sum kortsiktig gjeld		171 664 000	92 312 000
Sum gjeld		324 275 000	474 305 000
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		448 526 000	855 418 000




VEST-TELEMARK KRAFTLAG AS

Årsmelding

for året 2021

81. driftsår





HISTORISK OVERSYN

Vest Telemark Kraftlag ble stifta 13. september 1940 av kommunane Lårdal, Mo, Vinje, Kviteseid og Seljord; - som eit selskap der deltakarane hadde avgrensa økonomisk ansvar (BA). I 1948 blei Fyresdal kommune medeigar og i 1981 blei det vesle Kilen Kraftlag i Kviteseid overteke. Så i 2000 blei Nissedal Kommunale Elverk (NKE) fusjonert inn og Nissedal kommune gjekk då inn på eigarsida i VTK i høve til dei verdiane som låg i verksemda. NKE var stifta i 1921.

VTK stifta i 1948 Skafså Kraftverk AS saman med Hydro og i 1960 Sundsbarm Kraftverk DA saman med Skienfjordens kommunale kraftselskap (SKK).

Som fylgje av lovendring (lov om interkommunale selskap §41) blei VTK (BA) omorganisert til aksjeselskap (VTK AS) med verknad frå 01.01.2002. Omorganiseringa skjedde ved namneendring og nye vedtekter. Aksjekapitalen på 100 mill.kr blei fordelt i same høve som andelskapitalen i BA-et. Eigarane har inngått avtale som regulerar aksjeomsetning og styrevalg m.m. Vedtaket om omorganisering blei gjort i representantskapet 10.01.2002 og var samrøystes.

Ei ny lovendring medførte at VTK blei fisjonert og deretter innlemma som dotter i eit konsern med VTK HOLDING AS som mor og VTK NETT AS som syster. Dette hadde reell verknad frå 1.1.2021.

EIGARSKAP OG FØREMÅL

VTK AS er frå 2021 eit heileigd dotterselskap av Vest-Telemark Kraftlag Holding AS. Aksjekapitalen er på 72,1 mill.kr per 31.12.21.

Føremålet med VTK KRAFT er å bygge og drive anlegg for kraftproduksjon og breiband, - og drive med kraftsalg og kunderetta tenester. Selskapet har definert **kraftproduksjon, kraftomsetning og fiber** som sine forretningsområder.

ORGANISERING

Selskapet har forretningskontor i Høydalsmo i Tokke kommune. Selskapet har 3 tilsette (2,2 årsverk) og kjøper i tillegg tenester frå morselskapet, frå nettselskapet (bygging og drift av fiber) og eksternt. Skafså Kraftverk ANS og Sundsbarm Kraftverk DA har eigne driftsorganisasjonar. Dagleg leiar er Ketil Kvaale.

Selskapet har eit styre på 3 personar:

Styreleiar	Magne Wraa
Nestleiar	Hallgeir Aarbakk
Styremedlem	Dordi Elise Flom

STYRETS ÅRSMELDING 2021

GENERELT OM ÅRET 2021

Året 2021 var relativt tørt og med normal temperatur. Ref. Åmdal var nedbøren 19% under normalen. Temperaturen var 4,0 grader.

Kraftproduksjonen var på middelvei volum, men historisk høg spotpris gav «all time high» i inntening. Driftsresultat på 157 mill.kr.

Sluttbrukarsal fekk eit driftsresultat -7 mill.kr pga etterslep i produktpris.

Fiberutbygginga gjekk vidare med full tyngde og mange nye områder fekk fibertilgang. Brutto investering på 28 mill.kr. Driftsresultat på 4 mill.kr.



Samla hadde selskapet hadde ei omsetning på 274 mill.kr og eit driftsresultat på 154 mill.kr. Resultat før skatt blei 152 mill.kr og **73 mill.kr etter skatt**. Resultatet er det beste nokon gong; - som fylgje av svært god inntening i kraftproduksjonen. Dette skuldast svært høge spotprisar og 100% sal i spotmarknaden med unntak av konsesjonskraftleveringa. For detaljer sjå omtala under kvart verksemdsområde.

Kraftproduksjon

VTK AS har produksjon i desse kraftverka:


Namn	Kommune	År	Middelproduksjon	Eigardel
Åmdal (Skafså)	Tokke	1953	160 GWh	67 %
Osen (Skafså)	Kviteseid	1954	80 GWh	67 %
Gausbu (Skafså)	Tokke	1996	40 GWh	67 %
Skree (Skafså)	Fyresdal	1995	40 GWh	67 %
Sundsarm	Seljord	1971	400 GWh	8,5 %
Trontveit	Nissedal	2019	4 GWh	100 %
Naurak	Nissedal	2000	1 GWh	100 %

Normalproduksjonen er 260 GWh på VTK si hand. Etter eit svært vått år i 2020, fekk vi eit tørt år i 2021. Nedbøren ref Skafså gjekk ned frå 139% av normalen til 81%. Produksjonsvolumet gjekk likevel berre ned 7% som fylgje av redusert vasstap og magasinreduksjon gjennom året. VTK sin andel av produksjon blei 268,5 GWh (287,7 i 2020) eller omlag 103% av normalen.



Etter eit år med 10 øre/kWh i snitt i 2020, fekk vi ein kraftig prisoppgang i Sør-Norge til ca 50 øre/kWh straks på nyåret 2021, ein pris som etter sommaren steig vidare for å ende på over 2

kr/kWh i desember og 77 øre/kWh i snitt; - nesten det dobbelte av tidlegare prisrekord. Årsaken var samansett, men kraftig auke i kabelkapasiteten til kontinentet og til Storbritania medførte varig prisutjamning mot utlandets høgare prisnivå. Sør-Norge importerer kontinentets prisnivå gjennom mellomlandskablane. Dette fall saman med med ei mangedobling av prisen på innsatsfaktorane (CO₂-kvoter, kol og gass) for fossil kraftproduksjon, med det resultat at spotprisen i Sør-Norge blei 20-dobla på 12 månader. Mindre vind enn normalt og mindre nedbør i Norge forsterka utviklinga, men var ikkje avgjerande for situasjonen som oppstod. Den mangeårige prosessen med nedlegging av atom- og kolkraftverk i Tyskland (die Energiewende) og i ein del andre land (Sverige m.fl.) fekk full effekt i 2021 og har ført til stor mangel på stabil og regulær produksjon, noko som har forsterka den negative utviklinga monaleg.



Figuren over viser utviklinga for Sør-Norge og Tyskland, samt for Systemprisen. Den siste er vektta snitt av alle prisområda som er inne i Nordpools kraftmarked. I eit kraftsystem heilt utan nettbegrensingar (flaskehalsar) i alle driftssituasjonar ville alle hatt tilnærma denne prisen. Etter nyttår i 2022 låg prisen i NO2 mellom 150 og 100 øre/kWh for så å auke til ca 180 øre/kWh i mars. Mellom anna som fylgje av lågt snømagasin og Russlands angrep på Ukraina. Fyrste 5 månader i 2022 har hatt 160 øre/kWh i snittpris.

All kraft utover konsesjonskraftlevering blei seld i spot. Dette gav fylgjande økonomisk resultat:

Kraftsalg inkl opprinnelsesgarantiar og elsertifikat	188,1 mill.kr	(70,2 øre/kWh)
Andre inntekter	3,6 mill.kr	
<u>Driftskostnader</u>	<u>30,5 mill.kr</u>	
EBITDA	161,2 mill.kr	(60,0 øre/kWh)
<u>Avskrivningar</u>	<u>4,2 mill.kr</u>	
Driftsresultat (EBIT)	157,0 mill.kr	(58,5 øre/kWh)

VTK sin eigardel i Grunnåi Kraftverk AS på 18,4% er ikkje med i tala over, då dette selskapet rekneskapsmessig og skattemessig står på egne bein. Selskapet fekk i 2021 eit driftsresultat på 30 mill.kr og eit resultat etter skatt på 11 mill.kr. Selskapet har til no (sidan 2006) ikkje betalt utbytte, men nedbetalt på gjeld og bygd ut kraftverket. Bokført eigenkapital er 51 mill.kr.

Kraftomsetning

Denne aktiviteten dekker kjøp og salg av kraft frå ymse småkraftprodusentar, levering av tapsenergi og leveringspliktvolym til VTK NETT, balanseavrekning og kraftsalg til sluttbrukarar. Salg til sluttbrukar blei skild ut i eigen database frå 1.mai 2021. Vi kjøper denne tenesten frå Kraftalliansen. Det er innført fellesfakturerering med VTK NETT. Talet på kundar er ved årsskiftet ca 11600 ein nedgang på vel 2% i høve til året før. Målet er å auke talet på kundar gjennom aktivt





sal både i og utanfor Vest-Telemark og det er tilsett ein person for å styrke kundesenteret og salgsarbeidet.

Marknadsandelen er 78% både målt i volum og antal kundar. Ein liten nedgang også dette året, men sett på bakgrunn av det pågåande telefonsalet, som mange av våre konkurrentar driv med, så er kundelojaliteten imponerende høg. Dei kundane VTK ikkje har, er stort sett landsdekkande selskap som har sentrale avtaler med ein leverandør og utanbygds hyttekundar, men aggressiv marknadsføring påverkar også andre til å skifte leverandør. Målet for VTK sitt sluttbrukarsal er å gje kundane enkle produkt til låg pris. Påslaget i 2021 var 3 øre/kWh + mva. Resultatmålet er inntekter på linje med kostnadene, dvs driftsresultat tilnærma null. Rekneskapet for denne aktiviteten viser desse tala:

Salgsinntekter	162,4 mill.kr
Kraftkjøp (eksternt og internt)	163,5 mill.kr
Driftskostnader	5,8 mill.kr
Driftsresultat (EBIT)	- 6,9 mill.kr

Årsaken til underskotet var den ekstreme auken i spotpris (innkjøpspris) i desember, som pga varslingsreglar ikkje var mogeleg å hente inn att mot kundar på «standard variabel»-kontrakt før i 2022. Dette gav oss ei mindreinntekt på om lag 8 mill.kr i 2021 og er årsaken til at driftsresultatet blei negativt.



Frå 2018 har Tokke kommune vore aleine om å ha inne eit element av tilbakeføring av konsesjonskraftverdiar til innbyggjarane. I 2021 var spotprisen over pristaket på 37 øre/kWh heile året og kundar på Tokkepris betalte difor 40 øre/kWh + mva. I snitt betalte våre øvrige kundar 77 øre/kWh + mva, dvs om lag som spotpris.

Fiber

VTK si rolle er å eige, bygge og drive fiber stamnett og aksessnett samt nødvendige nodebuer. Også i 2021 var det svært stor aktivitet med brutto investering på 29 mill.kr (31) og 21 mill.kr etter frådrag for tilskot (25). Dei største enkeltprosjekta med offentleg støtte var i Fyresdal, Seljord og Kviteseid, men det var elles stor aktivitet i alle eigarkommunane.

VTK fekk i 2021 inntekter på 16,1 mill.kr (13,4) frå utleige av fiberkablar m.m. til Telefiber. Dette gav eit driftsresultat på 4,2 mill.kr (3,5). Totalt er det investert 215 mill.kr siste 15 år. Av dette er 48 mill.kr finansiert av diverse anleggstilskot og altså 167 mill.kr finansiert av VTK. Bokført verdi av VTK sitt fibernet er 128 mill.kr og totalavkastninga blei 3,3 % før skatt, om lag som året før.



Driftsinntekter	16,2 mill.kr
Driftskostnader	2,4 mill.kr
EBITDA	13,8 mill.kr
Avskrivningar	9,6 mill.kr
Driftsresultat (EBIT)	4,2 mill.kr

VTK eig 40% av Telefiber AS. Selskapet blei stifta 28.08.2006 og held til i VTK-bygget med 6 tilsette. Selskapet driv med sal av breibandtenester og då primært produkt frå ALTIBOX, men dei siste åra har også aktiviteten vore stor innom prosjektering og bygging av fiberanlegg for eigarselskapa. Telefiber leverar breibandtenester i Vest-Telemark + Hjartdal. Selskapet har passert 6300 kundar, av desse er 4200 i VTK sitt område. Selskapet hadde i 2021 ei omsetning på 60 mill.kr og betalte 24 mill.kr i fiberleige til eigarselskapa.

Telefiber eig 41% av selskapet NC-Spectrum som held til i næringsshagen i Kviteseid. NC-Spectrum er i sterk vekst og er motoren i næringsshagen i Kviteseid. Førebels har dette selskapet ikkje betalt utbytte, men har prioritert vekst og eigenkapitaloppbygging.

ØKONOMISK RESULTAT OG FINANSIELLE FORHOLD

Generelt

I kommentarane under er det samanlikna mot 2020. Som fylgje av utfisjoninga av nettverksemda blir dette som å samanlikne «eple og pærer» med bare «pærer». Kommentarene må lesast med denne realiteten i mente.

Resultatet er det beste nokon gong; - som fylgje av svært god inntening i kraftproduksjonen. Dette skuldast svært høge spotprisar og 100% sal i spotmarknaden med unntak av konsesjonskraftleveringa. Fiberaktiviteten har eit overskot på 4 mill.kr. Kraftsal til sluttbrukarar gjekk på underskot pga ekstrem auke i innkjøpspris i desember som ikkje lot seg hente inn i 2021. EBITDA auka frå 55 til 167 mill.kr og utgjorde 61% av omsetninga på 274 mill.kr. Driftsresultatet (EBIT) auka frå 28 til 154 mill.kr.

Resultatrekneskapan

Driftsinntektene totalt er på 274 mill.kr, som er ein auke på 84 mill.kr (44%). Sjå note 1-3.

Kraftkjøp og anna varekjøp er på 74 mill.kr, som er ein auke på 32 mill.kr (78%). Årsaken er primært høgare kraftkjøpskostnader (Tokke kommune og diverse småkraftverk) pga utviklinga på spotprisen. Sjå note 4.

Postane over gjev eit **dekningsbidrag** (avanse) på 200 mill.kr, som er ein auke på 51 mill.kr.

Personalkostnader. Totale personalkostnader er redusert med 35 mill.kr (82%). Heile reduksjonen skuldast omorganiseringa til konsern. Sjå note 5.

Avskrivningane går ned med 13 mill.kr (49%) til 13,8 mill.kr som fylgje av omorganiseringa. Isolert sett for forretningsområdene kraftproduksjon og fiber har avskrivningane auka med 2 mill.kr. (18 %). Auken skuldast investeringar i fiberanlegg. Jfr note 11 og **finansielle forhold** (neste side).

Andre driftskostnader er redusert med 52% til 25 mill.kr. Reduksjonen skuldast omorganiseringa, jfr note 6 og 7.

Driftsresultatet blir med dette **154 mill.kr**, som er ein forbetring på 126,1 mill.kr.



Netto finanskostnader er redusert frå 6,3 mill. kr i 2020 til 1,9 mill. kr i 2021. Reduksjonen skuldast at gjeldspostar er overført til VTK NETT og til mor i samband med omorganiseringa, sjå note 8.

Resultat før skatt blir då **152 mill.kr** som er 130 mill.kr (593%) betre enn i 2020. Som fylgje av av mellombels og permanente skilnader på 14 mill.kr og avgitt konsernbidrag til VTK NETT på 32 mill. kr er årets skattemessig resultat 106 mill.kr.

Skattekostnaden er **79 mill.kr**, herav 45 mill.kr i grunnrenteskatt. Som fylgje av 14 mill.kr i mellombels og permanente skilnader blir den betalbare skatten redusert til om lag 69 mill.kr. I tillegg er det betalt 4 mill.kr i eigedomskatt, men den blir ført som driftskostnad. Av den totale skattekostnaden på 83 mill.kr går 6,5 mill.kr til kommunane, resten til Staten. Sjø note 9.

Årsresultatet blir med dette **73 mill.kr**, som er + 56,9 mill.kr i høve til 2020.

Finansielle forhold

Investeringar

Det er i året investert for 28,9 mill.kr. Av dette er 7,8 mill.kr finansiert av fiberkundar/kommunar. Netto investeringar i året blir då **21,1 mill.kr**, ein reduksjon på 3,6 mill.kr sett i høve til tilsvarende forretningsområder i 2020.

Desse fordelar seg slik på dei ulike områda:

- Kraftverk 0,1 mill.kr
- Fiber 21,0 mill.kr (Fyresdal, Seljord, Kviteseid og elles mange mindre prosjekt)

Netto aktivert er **21 mill.kr**. Jfr note 11.

Totalkapitalen er redusert med 407 mill.kr (13%) til 449 mill.kr. Hovudårsaken til nedgangen er omorganiseringa der anleggsmidlar tilhøyrande nettverksemda, varelager og kundekrav er overført til VTK NETT. Ein auke i kortsiktige krav til VTK NETT etter omorganiseringa, større periodiseringer og netto tilgang på anleggsmidlar (21 mill.kr) har motverka nedgangen noko.

Langsiktig gjeld er redusert med 217 mill.kr til 150 mill.kr etter at eksternt lån på 150 mill. kr er overført til VTK NETT og kassakreditt er overført VTK HOLDING. Langsiktig gjeld består no utelukkande av gjeld til eigarane på 150 mill.kr. Sjø note 18.

Netto gjeld (all gjeld minus omløpsmidlar) er ved årsskiftet 147 mill.kr.

Eigenkapitalen er ved utgangen av året 124 mill.kr. Dette utgjer 27,7 % av totalkapitalen. For endringar i eigenkapitalen sjå note 17.

VIDARE DRIFT

I samsvar med rekneskapsloven § 3-3 stadfester ein at føresetnaden om vidare drift er til stades, og årsrekneskapan for 2021 er sett opp under denne føresetnaden. Til grunn for stadfestinga ligg resultatprognoser for 2022 og framover, samt selskapets økonomiske og finansielle stilling.



DISPONERING AV ÅRSRESULTATET

Styret foreslår følgjande disponering av årsresultatet i Vest-Telemark Kraftlag AS:

Avsett til konsernbidrag til VTK Nett (etter skatt)	24,8 mill.kr
Overført til annen egenkapital	48,4 mill.kr
Sum disponert	73,2 mill.kr

TILSETTE

VTK KRAFT hadde ved utgangen av året 3 tilsette pluss 5 årsverk i kraftverka. Utførte årsverk i 2021 var 2,1 i VTK KRAFT og 5,2 i kraftverka, dvs ca 7,3 årsverk totalt. Dette er om lag som året før for forretningsområda som ligg att i VTK, men lågare enn 2020 på selskapsnivå som fylge av at nettverksemden er fisjonert ut, og administrasjonen er overført til VTK Holding.

LIKESTILLING

Styret har 3 eigarvalde medlemmer, 1 kvinne og 2 menn.

Av dei 7,3 årsverka totalt blei 1 årsverk utført av kvinner. VTK har ingen vedteken strategi for å auke talet på kvinner utover det som fylgjer av det lov og det generelle avtaleverket innafor Samfunnsbedriftene sitt virkeområde.

HMS OG BEREDSKAP

Internkontroll i samsvar med forskrifter er i drift. Arbeidsuhell, farlege tilhøve og andre HMS-avvik blir registrert og fylgd opp. I 2021 hadde me ingen arbeidsuhell med fråvær. Alle avvik blir analysert og tiltaksvurdert. Totalt sjukefråvær på KONSERNNIVÅ var **4,5%** mot 3,6% i 2020. Eigenmeldt fråvær utgjorde bare **0,5%** som i 2020.

VTK er tilknytta bedriftshelsetenesten Bedriftshelsen AS.

Risiko og sårbarhet (ROS) for VTK si totale verksemd er analysert og tiltaksvurdert.

Beredskapsplan og internkontroll er ein del av dette. Dei deleigde selskapa har egne planar og rutiner.

Koronasisituasjonen: VTK sette beredskap 12.mars 2020 og gjennomførte dei tiltak som blei tilrådd frå sentralt hald, men vi har i liten grad nytta heimekontor. Aktivitet og produksjon har vore svært lite påverka av situasjonen. Dei fleste generelle tiltaka er framleis gjeldande i VTK.

YTRE MILJØ

VTK produserer 260 GWh fornybar straum i vasskraftverk og bidreg til reduksjon av fossil kraftproduksjon i det Nord-Europeiske kraftsystemet. Våre kraftverk påverkar ikkje det ytre miljø i særleg grad utover det som var kjent ved konsesjonshandsaminga.

STRATEGI OG FRAMTIDSUTSIKTER

I samsvar med føremålet i vedtektene og eigarstrategien, har styret som mål å auke eigenproduksjonen ved å kjøpe kraftverk eller ta del i lønsame utbyggingar av små og mellomstore kraftverk, primært i Telemark. I den samanheng har me søkt og fått fleire konsesjonar på småkraftverk, men bare Trontveit er førbels gjennomført. Når det gjeld Lårdal så fekk me uventa avslag frå NVE på vår søknad om forlenga frist for byggestart, sjølv om årsaken

til søknaden var kommunal trenering utan heimel i nesten eitt år. Avslaget blei anka og endeleg avslag kom i 2021. Prosjektet i Nedre Lårdal har gyldig konsesjon til 2025 og blir framleis vurdert. I Fyresdal har vi to prosjekt som nærmar seg investeringsavgjerd.

Styret vurderar om VTK skal engasjere seg i andre teknologiar til energiproduksjon enn vasskraftverk.

Lønsemda innom produksjon av elektrisk kraft gjekk ned i mange år, men tok seg opp i 2018 og 2019, for så å falle langt tilbake i 2020. Etter tilkopling av nye kablar til Tyskland og England, parallelt med nedlegging av fastkraftproduksjon (atom- og kolkraft) steig prisane kraftig i Sør-Norge i 2021 og ser ut til å ha kome opp på eit varig høgare nivå enn før.

Kablane har i aukande grad kopla Norge mot prisnivået på kontinentet; - eit nivå som i lange periodar blir styrt av marginalkostnaden ved å produsere kraft basert på kol og gass. Her er denne kostnaden i prinsippet lik summen av CO₂-kvoter, kol/gass og driftskostnader. Denne summen er no svært høg og aukande.

Fornybar straum blir meir og meir etterspurd og internasjonale selskap ynskjer difor å etablere energikrevjande produksjonar i Norge. Det er grunn til å tru at etterspørselen etter energi frå fornybare kjelder vil auke framover; - både nasjonalt og internasjonalt. Vekst i etterspørselen må, for å realisere ny produksjonskapasitet, gje eit prisnivå på fornybar kraft som gjer denne verksemda lønsam på sikt. Dette føreset konkurransedyktige rammevilkår.

I den samanheng er det positivt at (re)investeringar i vasskraftverk >10MW no kan kan utgiftsførast direkte i grunnrenteinntekta i år 1. Det som framleis manglar er eit generelt fritak for grunnrenteskatt for dei fyrste 10MW i alle kraftverk. Dette for å likestille små og store kraftverk og for å unngå suboptimalisering i høve til val av generatorstorleik for å unngå grunnrenteposisjon.

VTK sin strategi for omsetning av kraftproduksjonen blei endra i 2017; - frå delevis prissikring på 1-3 års kontrakter til å selje alt i spotmarknaden. Dette som fylgje av høg risiko i høve til volum og grunnrenteskatt. Denne strategien har i sum siste 4 år gjeve stor meirinntekt og då særleg i 2021. Styret har ingen planar om å revurdere denne strategien.

Kraftomsetninga til sluttbrukarar blir handtert uavhengig av kraftproduksjonen. Kraftoppdekkinga blir ordna gjennom kjøp i spotmarknaden og ved direkte kjøp frå Tokke kommune. Frå 1.5.2021 har VTK gjennomført databasesplitt og oppfyller då dei nye krava frå NVE på dette området. Desse krava og tilhøyrande nødvendige tiltak påfører kundane høgare kostnader både på straumen og på nettleiga.

Styret vedtok i 2020 at VTK skal halde fram med kraftomsetning til sluttbrukarar og at denne verksemda skal stå på eigne bein økonomisk og med avkastningskrav i høve til eigarstrategien. VTK tilbyr no kraft også til kundar utanfor eigarkommunane og auka ressursar til aktivt sal og kundeoppfølging kjem på plass i 2022. Ny heimeside og kundeapp til knytta «min side» er under utarbeiding.

Den nye kraft- og prissituasjonen vil truleg auke etterspørselen etter fastpriskontrakter av ulik lengde og VTK vil fylgje opp denne utviklinga.

Fiber

Sidan 1995 har VTK bygd ut fibersamband til eige bruk. På generalforsamlinga i 2004 gav eigarane styret fullmakt til å setja i gang utbygging av eit breibandnett til allmenn bruk. Grunngevinga var mellom anna at god breibandsdekning til ein akseptabel pris er ein føresetnad for næringsutvikling, undervisning, nyskaping, gode offentlege tenester og interkommunalt samarbeid i Vest-Telemark i åra framover.

Etter å ha sikra minimum breibandsdekning til (nesten) alle i Vest-Telemark ved hjelp av xDSL, radio og fiber, starta Telefiber i 2012 opp med å bygge ut FTTH (Fiber To The Home) med leveranse av Altibox sine breibandstenester. Målet er å gjera fiber tilgjengeleg for flest mogeleg av fastbuande og næringsliv i Vest-Telemark. Også hyttefelt som ynskjer fiber er eller vil bli utbygde. I slike område vurderar Telefiber også å nytte 5G. Utbygginga skjer i kombinasjon av eigeninitierte prosjekt og utbyggingar vunne i offentlig styrte anbodskonkurransar. Det har vore



stor aktivitet i alle kommunar for å søke på statlege midlar, noko som er heilt avgjerande. Gjennomføring av denne strategien krev store investeringar. Innan utgangen av 2022 vil praktisk talt alle ha tilgang på breiband; - i hovudsak via fiber.

Nye forretningsområder

Styret har vurdert elbillading til personbilar og varebilar som satsingsområde, men konkludert med å ikkje gå inn i denne bransjen.

Framtidsutsikter

Styret meiner at VTK har ei stabil utvikling og ein solid økonomi. VTK vil, innanfor dei rammer som kraftmarknaden, regelverk og reguleringsregime gjev, kunne oppfylle dei mål som eigarane til ei kvar tid har for selskapet. Det er likevel klart at store investeringar i fiber og eventuelt ny produksjon, vil kunne påverka det økonomiske resultatet og evna til å betale utbytte. Fordelen er at kapitalen bygger seg opp i selskapet/konsernet, med den positive effekten det har for eigenkapitalen og marknadsverdien av selskapet.

Høydalsmo 31. desember 2021 / 3. juni 2022

Magne Wraa (leiar)

Sign.

Hallgeir Aarbakk (nestleiar)

Sign.

Dordi Elise Flom

Sign.

Ketil Kvaale
(adm. direktør)

Sign.



RESULTATREKNESKAP

VTK AS

(Alle tall i hele 1000 kr)	Note	2021	2020
Kraftsal	1,2	254 850	49 990
Nettinntekter		0	122 287
Andre driftsinntekter	3	19 265	18 567
Driftsinntekter		274 115	190 844
Kraftkjøp og anna varekjøp	4	73 656	41 310
Personalkostnader	5	7 995	43 158
Avskrivningar	11	13 789	27 243
Andre driftskostnader	6,7	24 705	50 908
Driftskostnader		120 144	162 619
